

Rønnaug Berge Leite  
6776 Kjølsdalen

10.07.2015

Sogn og Fjordane Fylkeskommune  
v/Fylkesutvalet  
Askedalen 2  
6863 LEIKANGER

Statens Vegvesen har 01.07.2015 oversendt klage på førehandstilsegn ny avkøysle - 161/1 Stryn - til dykk for endeleg avgjerd.

Statens Vegvesen si framstilling er ikkje rett.

Sakshandsamar skriv: " Etter dialog mellom søker og sakshandsamar er det alternativ 2 som er handsama i vedtak av 19.05.2015. Det omfattar ny avkørsel for gardsbruk til to stk. nye bustadar, samtidig som at eksisterande avkørsel kan nyttast som avlastningsveg."

**Alternativ 2 gjev ny heilårs gardsveg til gardstunet på Juv og dei to nye utleigehusa dersom eksisterande avkøysle kan nyttast som avlastningsveg utan vilkår om låsbar bom.**

Dersom vedtaket om låsbar bom vert oppretthalde vil utleigehuset Gamlestova og deler av tunet ikkje ha tilfredsstillande utkøysle fordi tunet er så trangt og terrenget så bratt. Det er umuleg både å rygge tilbake gjennom tunet og å køyre nedom läven og opp att til bruva ved tunet.

Det nye huset i Juvsøyna (Hus 1 på foto) vil verken ha tilfredsstillande innkøysle eller utkøysle. Terrenget er så bratt at ein ikkje kjem seg oppover til bruva ved tunet utan å ha fart uansett årstid og ein kjem seg ikkje frå tunet og ned til huset om det er snø eller glatt føre.

**Det er avgjerande viktig at alle har dette heilt klart for seg før endeleg vedtak vert fatta!**

### **1. Det er nye moment i saka.**

Sakshandsamar og eg kom fram til ei løysing som begge partar var enige om.  
Like før vedtaket vart signert ringde sakshandsamar meg og sa at seksjonsleiar hadde sett  
vilkår om låsbar bom for eksisterande avkøysle.  
Dette hadde ikkje vore nemt for meg tidlegare.  
Eg fekk ikkje høve til å uttale meg, men fekk beskjed om å nytte klageretten.

**2. Vilkåret om låsbar bom for eksisterande avkørysle er mykje farlegare enn om eksisterande avkørysle er open.**

Eksisterande avkørysle er så bratt at bilen må stå på fylkesvegen medan sjåføren går ut av bilen og låser opp bommen.

Bilen står då i vegbana og sperrar trafikken på fylkesvegen og fare for kollisjon er til stades. Når bommen er opna må bilen rygge tilbake for å få nok fart til å køyre opp vegen dersom bilen ikkje har 4-hjulstrekk.

Dersom det i mellomtida har kome andre bilar til så må desse også rygge.

Bilen som skal opp gardsvegen kan ikkje stanse for å låse bommen fordi sjåføren ikkje vil klare å kome seg i fart att når det er så bratt.

Bilar som kjem ned gardsvegen må stanse opp før bommen.

Ikke alle sjåførar er i stand til å gå ut av bilen i bratta for å låse opp fordi dei har eit handicap eller fordi dei rett og slett er for tunge og ikkje har fysikk til å klare det.

Dersom det har kome litt snø eller is vil ein ikkje klare å stoppe bilen før bommen i det heile.

Og fordi det er så bratt vil bilen stå på fylkesvegen medan sjåføren går for å låse bommen. Bilen sperrar trafikken og det kan i verste fall bli fare for kollisjon.

Statens Vegvesen meiner at for kort siktsone vestover er trafikkfarleg.

**Men** **vilkåret om låsbar bom skaper langt fleire og farlegare situasjonar med risiko for personskade og materiell skade på bilar enn slik det er i dag.**

*Bilane held så låg fart rundt Juvsneset at sjølv om sikta ikkje er i h.h.t. krava så har vi til no ikkje opplevd farlege trafikksituasjonar i forbindelse med eksisterande avkørysle.*

**3. Statens Vegvesen kan ikkje ha forstått dei faktiske tilhøve og alvoret i vedtaket**

Sakshandsamar som var på synfaring og køyrd gardsvegen forstod problemet. Men dei som ikkje har vore der kan ikkje ha skjøna alvoret.

Vi treng eksisterande avkørysle for å avhjelpe umulege trafikksituasjonar i gardstunet. Det nye huset i Juvsøyna må ha hinderfrei tilkomst og avkørysle via eksisterande avkørysle.

**4. Statens Vegvesen er meir opptekne av mistru til oss enn tryggleik**

Vi byggjer ny heilårs gardsveg for å bruke den, ikkje for å bruke eksisterande avkørysle utan at det er nødvendig av omsyn til tryggleiken.

Eg kan opplyse om at eksisterande avkørysle/gardsveg ikkje kan nyttast om det kjem snø eller er is i vegbana. Då må vi parkere ved garasjen aust om elva og gå.

Dette gjer det m.a. umuleg å kome fram for sykebil, drosje og heimesjukepleie. Foreldra mine som som bur på garden er 82 og 87 år og vi må frakte dei på ein stol i traktorskuffa den 150 m lange og bratte gardsvegen. Vi blir også gamle etterkvar og har difor ynskje om å bruke pengar på heilårsveg fram til bustadhuset i tunet. Men den nye vegen austover (alternativ 2) løyser ikkje utfordringane åleine.

## 5. Konsekvensar

Vi kjenner dei faktiske tilhøva på staden og kan ikkje ta ansvar for vilkåret om låst bom. Vis vilkåret som er sett ikkje blir endra har eg to alternativ.

- a) Søkje Stryn kommune om byggjeløyve med parkeringsplass for bilane til dei to nye husa ved garasjen ved hovedvegen og behalde eksisterande avkøyrslle som den er.
- b) Selje skulehusa og leggje vekk draumen om vidare utvikling av eigedomen (ny gardsveg, boring etter vatn og nytt avlaupssystem).

## 6. Muleg løysing


Eg kan setje opp ein låsbar halvbom på lysstolpen ved eksisterande avkøyrslle. Bommen får stå open når vi har bruk for det i turist- og bærsesongen. Elles blir halvbommen verande låst.

Eg ber om at Fylkesutvalet tek bort vilkåret om låsbar bom ved eksisterande avkøyrslle slik sakshandsamar og eg var samde om opprinneleg

eller

imøtekjem forslaget mitt om open halvbom som mogeleg løysing.

Dette kan forsvarast fordi fylkesvegstrekninga Utvik - Tistam er svært lite traffikert!

Med helsing  
  
Rønnaug Berge Leite

Vedagt fotoskisse

NY GÅRDSEVG

HUS 2

HUS 1